SEM & STENERSEN A/S, OSLO
3—45. 1000

148/14




# Skyldskifte.

Laurdag den 11. mai 1946 heldt me underskrivne, som lensmannen hev nemnt opp, skyldskifte på garden Lilleskare g.nr. 60 b.nr. 3 med skyld mark 0.51 Alversund herad. Skyldskifte er kravt av Ingvald A. Lilleskare som hev grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld[1]).

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene hev gjeve skynsmannslovnad, so nær som[2]) Alle

Ved tenesta møtte[3]) Ingvald Lilleskare. For kjøparen møtte med fullmakt L. H. Hegge. Av naboane møtte: Oskar Lilleskare Andr. B. Lilleskare, Anders Titland og Brent Hvamme

Mennene valde til formann Johannes Lilleskare

Dei fråskilde lut en av garden hev desse grensone:[4])

I grenselina mot br. nr. 2 omlag 30 m. opp frå sjøen vart nedslegen x i berg. Frå dette merke i nordleg retning 40.50 m. til x i berg. Vidare same retning 18.40 m. til x i stor stein, på sudsida av vegmuren til vegen Skarsvåg byggja der grenselina sluttar.
Dette er nedre lina av luten og grensa mot vest

---

1) Skyldskifte kann ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta anten hev grunnboksheimel eller hev dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslovi).

2) Hev nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 fra 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd fyrr tenesta vert haldi, og utsegni skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera mi teneste som skynsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N. N.»

3) Dersom nokon av grannane eller av dei partane skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa um det er prova at dei hev fenge varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).

4) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensorne mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp, dersom eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lovi), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lovi).